



Utval	Møtedato	Saksnummer
Formannskapet	17.03.03	25/03
Kommunestyret	30.04.03	011/03

Sak: Målform i Bjerkreim kommune

Opplysningar

Saka om målform blei reist som spørsmål i k.st. 27.11.02 av Peder Eikeland. Ordføraren gav følgjande svar:

Spørsmål nr. 1:

Bjerkreim er en Nynorsk kommune. Når tid ble dette vedtatt og hva sier vedtaket?

Svar: Det blei uttalt av skulestyret 27.12.1907: *Landmålet ligg nærmare bygdemålet enn rigsmålet*. Saka blei sendt skulekrinsane på høyring og etter høyningsrunden, blei dette vedtaket stadfesta av skulestyret seinare av kommunestyret.

Landsmålet blei innført frå skuleåret 1908. Sidan det kommunale ansvaret for skriftleg framstilling var knytte berre til skulen på det tidspunktet, har dette prinsippet blitt vidareført etterkvart som det blei bygt opp ein kommunal administrasjon. *Difor står vedtaket frå 1908 fast og gir Bjerkreim status som nynorsk kommune*

Spørsmål nr. 2:

Kunne det vert mulig at skrivemåten kunne stå fritt, slik at de som til vanlig skriver et av de to "språkene" også kunne bruke dette i kommunen ?

Svar: Sidan det er eit vedtak om at Bjerkreim kommune skal vera ein nynorsk kommune, må kommunestyret, dersom ein ønskjer det, gjera eit nytt vedtak for å gi kommunen ein annan målstatus. Ein kommune si målform kan vera:

1. Nynorsk
2. Nøytral
3. Bokmål

Oppfølgjing i kommunestyret 05.02.03:

I kommunestyremøte 05.02.03 reiste Steinar Solberg ein interpellasjon. Eindel av interpellasjonen gjekk på målform. Med 15 mot 2 røyster gjorde kommunestyret slikt vedtak: *Saka om målform blir handsama av kommunestyret*.

På denne bakgrunn bad f.sk. i møte 03.03.03 rådmannen laga ei sak om dette temaet.

Bjerkreim har i dag status som nynorsk kommune og er innmeldt i Landsamanslutninga for nynorsk kommunar. Som vist ovanfor kan kommunestyret velja mellom nynorsk, nøytral eller bokmål som målform. I den kommunale administrasjon er det fleire som har bokmål som målbakgrunn som såleis hadde følt det var enklare dersom det var fridom til å la all skriftleg saksutgreiing og korrespondanse gå på deira målføre.

Kommunal administrasjon vil vera alle dei som administrerer dei indre og ytre avdelingar. Det omfattar intern og ekstern administrasjon innanfor barnehage, grunnskule, kulturskule, bibliotek, pleie og omsorg, helse, landbruk, plan, teknisk, kultur, serviceavd. og sentraladministrasjonen. Dersom ein vel å endra målform må det få konsekvensar for alle desse avdelingane. Etter opplæringslova er det noko uklart om administrasjonen er omfatta av det opplæringsmålet som krinsen har, sjølv om fortolkingane av loven legg slike føringar og det blir praktisert slik i fleire kommunar. Dersom ein likevel vel å like behandla all administrasjon, vil ein lærar, dersom ein set det på spissen, som administrerer ein klasse kunne nyta ei målform i klasserommet og ei anna i kontakt med heimen.

Dersom ein i tillegg ønskjer å endra målform til opplæringsmålet må det skje i samsvar med grunnskulelova med bakgrunn i rådgjevande folkerøystingar. Det vil medføra økonomiske konsekvensar med innkjøp av lærebøker og læremiddel som vil kunna beløpa seg til ein kostnad på fleire hundre tusen kroner. Det er ei sak som ein får sjå meir nøyaktig på dersom dette blir tema.

Ei målsak reiser mange prinsipielle spørsmål av politisk karakter; m.a. språk og identitet, talemål og skriftmål, kultur og tradisjon, osv.

Vurdering

Ved val av målføre for administrasjonen vurderer rådmannen det slik at dersom ein set fokus på personalet, vil det bli enklast ved å velja nøytral målform. Då har kvar enkelt fridom til å skriva på det målføret som fell lettast. Men likevel ser rådmannen at heller ikkje dette valet er problemfritt. Ein må også då vera klar over at det ikkje blir einskapleg målform som møter innbyggjarane i korrespondanse og informasjonen. I interne arbeidsgrupper med målbrukarar av både nynorsk og bokmål vil ein også måtta ta nødvendige avklaringar før dokument blir utarbeidde.

Når det gjeld dei politiske prinsipielle spørsmåla, vil ikkje rådmannen gå inn på dei. Det blir saker som kommunestyret må vurdera på fritt grunnlag.

Etter ei totalvurdering vil rådmannen tilrå at administrasjonsmålet blir nøytralt.

Behandling i Formannskapet - 17.03.2003:

Magne Vaule sette fram følgjande forslag: Bjerkreim kommune stadfesta nynorsk som si offisielle målform.

Rådmannen sitt framlegg falt med 4 mot 1 røyst. Deretter vart Magne Vaule sitt framlegg godkjent med 4 mot 1 røyst.

Vedtak i Formannskapet - 17.03.2003:

Bjerkreim kommune stadfesta nynorsk som si offisielle målform.

Behandling i Kommunestyret - 30.04.2003:

Marthon Skårland reiste følgjande forslag: Bjerkreim kommune vel nøytral form som målføre for administrasjonen. Ved avrøysting fekk Marhon Skårland sitt forslag 9 røyster og blei vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 30.04.2003:

Bjerkreim kommune vel nøytral målform for administrasjonen.